

# Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest

Tid: 6. november 2014 kl. 10:00 – 15:00  
Møtestad: Rica Maritim Hotel, Haugesund

**Styremøtet var ope for publikum og presse.**

## Deltakarar frå styret:

Maria Borch Helsingreen  
Olav Godtfred Klausen  
Jon Bolstad  
Anne Sissel Faugstad  
Per Karlsen  
Bente Mari Rolfsnes  
Nina Carstens  
Marianne Saugestad

Leiar  
Nestleiar  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem

## Forfall frå styret:

Inger Cathrine Bryne

Styremedlem

## Deltakarar frå administrasjonen:

Jannicke Daae Tønjum, Administrerende direktør  
Ola Rye, Økonomisjef  
Ørjan Lundgren, kommunikasjonsleder (referent)



## Sakliste

### Ope del

- |           |     |  |
|-----------|-----|--|
| Sak 56/14 | B   | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                   |
| Sak 57/14 | B   | Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest 10.09.2014 |
| Sak 58/14 | O   | Administrerande direktør si orientering                                  |
| Sak 59/14 | O   | Rapport frå verksemda per september 2014                                 |
| Sak 60/14 | O   | Førebels budsjett 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF                       |
| Sak 61/14 | B   | Risikovurdering 2. tertial   |
| Sak 62/14 | B   | Fullmaktsregime og fullmaktsgrenser for Sjukehusapoteka Vest             |
| Sak 63/14 | O   | Status fokusområder for AD 2014  |
| Sak 64/14 | B/O | Eventuelt<br>Skriv og meldingar  |



## Ope del

### Sak 56/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

**Forfall:**

Styremedlem Inger Cathrine Bryne

**Dokument delt ut i møte:**

Ingen

**Eventuelt**

Ingen saker vart meld.

**Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

### Sak 57/14 Godkjenning av protokoll frå styremøte 10.09.2014

#### Oppsummering:

**Merknader:**

Styret tok opp at Sjukehusapoteka Vest (SAV) sin bruk av brukarmedverknad vart diskutert i styremøtet 10.09.2014, og ønskjer at denne diskusjonen kort blir innlemma i protokollen utan at styret ser det nødvendig å få protokollen lagt fram på nytt.

Styret spurte og om status på miljøsertifisering. Administrerande direktør kunne vise til at SAV i mellomperioden var blitt sertifisert, og viste frem sertifikat mottatt frå Det Norske Veritas. Styret gratulerte med slutført prosess, og bad administrasjonen vidareformidle gratulasjonar til organisasjonen.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 10. september 2014, med krav om tilførsel av referat frå diskusjon rundt brukarmedverknad i etterkant.

### Sak 58/14 Administrerande direktør si orientering

#### Oppsummering:

- 1. Kort status om skifte av grossist per 01.01.2015**

SAV skifter grossist 1. januar 2015. Det er mange detaljer som i høve til dette skal på plass, og sjukehusapotekføretaka nasjonalt har derfor vald å etablere et felles prosjekt for som ivaretek avvikling av gamal grossist og sikrar å implementere ny. Prosjektet er godt i rute. Det ein har vore mest bekymra for fram til no er leveringstryggleiken i skiftet. Ein arbeider derfor med å få etablert en avtale som trygger leveranse frå gamal grossist. Dette kan bety at ein vil måtte kjøpe ut eit restlager hos gamal grossist ved årsskiftet, men dette vil kun få verknad på SAV sin balanse, og altså ikkje på SAV sitt resultat i 2014.
- 2. Kort status i arbeid med å implementere ESA-krav innan 01.01.2015**

SAV har vald å arbeide med å implementere dei økonomiske delane av ESA-krav som ein integrert del av budsjettprosessen, kor ein har arbeidd både med etablering av arbeidsprosessar, deling av oppgåver og bemanningsbehov. Dei meir tekniske ESA-krava i høve til tilpassing av rekneskapen og tilpassing til skattemessige omsyn er det primært arbeidd med frå økonomiavdelinga. Samla er SAV i rute, og det er inga teken på at ESA-krava ikkje vil vere implementert innan 01.01.2015.



- 3. Informasjon om vidareutvikling av FarmaPro som kjernesystem for apotek**  
Administrerande direktør orienterte kort om at kjernesystemet til SAV, FarmaPro, til tider inneheld en del feil ved nye versjonar. Leverandørene, Espire (eigd av Apotekforeningen) har signalisert at dei vurderer å fryse dagens løysing til de har betre kontroll på kvalitet i systemet. Dette kan gje SAV nokre utfordringar, og SAV kjem tilbake med meir informasjon om disse når saka er noko meir framskriden.
- 4. Styrets eigenevaluering og evaluering av AD**  
Administrerande direktør orienterte kort om at årleg elektronisk eigenevaluering av styret og evaluering av administrerande direktør ville bli mottatt av styremedlemmane innan kort tid, og oppmoda alle til å svare i høve til frist som vil komme fram av det tilsendte evalueringsskjemaet.
- 5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**  
Ingen saker sidan sist.
- 6. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**  
Oversikt ble gått igjennom i møtet, og administrerande direktør orienterte kort om korleis det i før tilsynet ved Sjukehusapoteket i Stavanger (SiS) har vært arbeidd med å sikra at avvik frå tilsyn tidligare i år ved Sjukehusapoteket i Bergen (SiB) har blitt implementert ved SiS. SiS fekk 3 avvik, og ingen av desse var kritiske.  
  
Da Statens legemiddelverk (SLV) har vald å ikkje legge sitt tilsynssvar ut offentleg stilte styret spørsmål ved at SAV hadde vald å legge orienteringa ut offentlig. Styret råda administrasjonen til å vere meir bevisst rundt dette ved ein seinare anledning.
- 7. Oversikt over aktuelle høyringar**  
Oversikt og kopi av høyringssvar blei kort gjennomgått. Styret stilte spørsmål om de hadde fått utlevert høyringssvar på moglegheit for å komme med forslag på nye strategiske satsingsområder i Helse Vest. Høyringssvar vil bli vedlagt tilsvarande oversikt i neste styremøte.
- 8. Styresaker til oppfølging**  
Ingen saker

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **Sak 59/14 Rapport frå verksemda per september 2014**

### **Oppsummering:**

Samla sjukefråvær i september 2014 er 8,1 % mot 5,9 % same tid i fjor, men framleis ligg det gjennomsnittlege fråværet 0,3 % lågare enn i fjor. Korttidsfråværet er høgt i august og september, og fokus på følge opp sjukefråvære tett held fram.

Tal på tilsette og netto månadsverk er innanfor budsjett. Bruk av overtid er stabil dei 2 siste år, medan trend bruk av meiritid er fallande. Dette kan tyde på betre kontroll på sjukefråvære og planlegging av utviklingsarbeid ut over dagleg drift.

Sjukehusapoteka Vest har for fjerde år, gjennomført elektronisk HMT-kartlegging. Svara i 2014 er svært gode, med positiv utvikling både i høve til tal på svar og score frå 2013. Dette syner at det systematiske arbeidet SAV har hatt innan HMT har gitt avkastning.

Talet på meldte HMT-avvik har auka siste året. Per 3. kvartal i år er det meldt 36 HMT-avvik



mot 21 HMT-avvik på same tidspunkt i 2013. Det er hovudsakleg småskadar som blir rapportert. Det er til no ikkje meldt om arbeidsulykker som har ført til frávær frå arbeidsplassen eller skade som har kravd medisinsk behandling eller tilrettelagt arbeid.

Hovudfokus i drifta er aktiviteter som aukar sal og inntening, spesielt i publikumsekspedisjonane. Det er naudsynt både å auke talet på kundar som vel dei fire sjukehusapoteka som sitt apotek, og å tilby eit breiare utval handelsvarer til desse kundane. Sjukehusekspedisjonane held fram arbeidet med å effektivisere drifta kring automatane, og å førebu enklare ordrehandtering når TønSys mot slutten av året er rulla heilt ut.

Produksjonen har fokus på samordning mellom dei fire apoteka, og gevinst ved beste praksis. Tilbodet av farmasøytiske tenester er definert meir tydeleg med omsyn til leveransar, timepris og effekt hos kunden. Dermed kan kundane lettare grunngi val av farmasøytressurs både i avdelingsarbeid og kliniske oppgåver.

SAV har vore gjennom første hovudrevisjon av miljøstyringssystemet, og ventar stadfesting av ISO-sertifisering i starte av november.

Prosjektet «Verksemdsstyring i SAV» har første store milepæl 1. desember, da nytt system i høve plan skal lanserast, og alle prosessar vil bli gjort tilgjengeleg i det nye verktøyet vi har døypt SAVvy. Prosjektet legg til rette både for tydelegare mål for arbeidsprosessar og auka operatøransvar.

SAV har ved utgangen av september ei samla omsetning på 678,8 mill. Dette er 22,2 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 81,2 mill. og 3,8 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 65,4 mill. og 0,8 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 2,6 mill. og 4,3 mill. under budsjett. Samla resultat er på 9,2 mill., noko som er 2,5 mill. over budsjett. Noko betra siste to månadane og tiltak knytt til kostnadsstyring gjer at SAV ser ut til å kunne nå budsjettert resultat for 2014. Oppdatert prognose for 2014 viser eit resultat på 10 mill.

Styret ytra at dei var bekymra for eit noko auka sjukefråvere dei siste månadene, og oppmoda administrasjonen til å fortsette sitt målrette arbeid på dette området.

Styret ga honnør til administrasjonen for det arbeidet ein har fått til i høve til kostnadskontroll, og at det kan sjåast synlige effektar av dette arbeidet slik at ein forventar å nå resultatkrav i 2014.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek rapporten til orientering.

Styret ga administrasjonen honnør for god kostnadsstyring og at føretaket kan vise til synlige resultateffektar av dette arbeidet.

## **Sak 60/14 Førebels budsjett 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF**

### **Oppsummering:**

Budsjettet som føreligg er eit foreløpig budsjett, og forhold som ikkje er endeleg avklara er omtalt for kvart verksemdsområde. Dette dreier seg i hovudsak om omfang av sal av tenester til nokre av sjukehusa og bemanningsplanar (spesielt innan PUB). Hovudavtalen mellom SAV og sjukehusføretaka skal reviderast innan utgangen av 2014. Det er avtalt møter med representantar for sjukehusa i november. Det vil være nødvendig å kaliberer budsjettføresetnaden på mot revidert avtale før endeleg budsjett kan vedtakast.

Det er gjort mykje arbeid med å sjå inn i trendar for volum og prisutvikling for ulike varekategoriar som grunnlag for budsjettet. Dette har vore mogleg ved at kvalitet i datagrunnlag frå apotekkuba er noko betra. Trendanalysar, erfaring og dialog med sjukehusa er viktig ved vurdering av utviklinga i 2015.

Budsjett for 2015 har teke utgangspunkt i langtidsbudsjettet og avvik mot langtidsbudsjettet er omtalt innan kvart verksemdsområde. Avvika kjem av at ein har betre informasjon om volum og prisar på varer i budsjettarbeidet, samtidig som volum på tenester er meir avklart.



Førebels årsbudsjett for SAV for 2015 er på 15,2 mill. Resultatmålet er på nivå med resultatkrav frå eigar og langtidsbudsjett.

Viktige føresetnader for det framlagde forslaget til budsjett 2015 er:

- Generell pris- og lønnsvekst 3,1 %
- Moderat vekstføresetnad (volum) i sal av varer frå SHE (1,9 %) og PRO (1,3 %)
- Sterk vekst (volum) i sal av varer i PUB (14%)
- Flat prisutvikling frå 2014 på legemiddel og apotekvarer (snitt)
- Varekost-% på nivå med 2014 unntatt i PUB (-0,5%)
- Bemanningsvekst (+2,4 årsv.) lågare enn aktivitetsvekst
- Gevinstuttak gjennom produktivitetsvekst i SHE (11,5 %) og PUB (19 %)
- Auke i pensjonskostnader med 6 mill.(30 %) (kompenserast frå RHF)
- Utvikling i indirekte kostnader (5 %)
- Investeringsbudsjett 10,6 mill.

Forhold som framleis står til oppfølging frå mot endeleg budsjett er bl.a.:

- Vakttenester; omfang og finansiering (underfinansiert frå Helse Bergen - ref. hovudavtale-revisjon)
- Volum andre tenester inkl. ASL i Helse Bergen (SHE og AFT).
- Bemanning PUB
- Evaluering av fordelingsnøkkel for felleskostnader (ESA – krav).
- Skattemessige forhold 2015 (ESA) – regler skatt ikkje inkludert i førebels budsjett
- Bemanning PRO Stavanger
- Endelig prisberekning (reduisert volum -> auking priser)
- Kvalitetssikring endelig budsjett

Styret ønska at administrasjonen ennå tydelegare viser budsjett for 2015 i relasjon til langtidsbudsjettet for same periode, og kommenterer eventuelle avvik. Avviket som per no synast størst er timer budsjettert levert frå AFT i langtidsbudsjettet for 2015 og i forslag til årsbudsjett 2015.

Styret ønskte òg at gevinstrealisering framkjem tydeleg i budsjettet. Vidare at administrasjonen utforskar meir rund risikopunkt, og gjer «stress-testar» relatert til moglege risikofaktorar i budsjettet (ASL, varekost, AFT-timar). Det ønskjast og at budsjettet seier noko meir om korleis ein vil arbeide vidare med å vurdere avdeling 145 (PRO), korleis tilhøva er på IKT-området og korleis administrasjonen ser for seg vegen vidare inn i 2016.

Styret ytret ønske om å implementere noen konkrete måltall for legemiddelområdet. Det ble pekt på moglegeheit for å måle på dei områda KULE-prosjektet har pekt på som «kvick winns» for å sikre god legemiddeløkonomi og god legemiddeltryggleik:

- Del ASL i høve til totalt moglege tal i kvart sjukehusføretak
- Del eindose-medikament i høve til total
- Bruk av rådgjevingsfarmasøytar i høve til talet på senger i kvart sjukehusføretak

Styret ønskte at administrasjonen skriv ein sak til fagdirektørmøtet i Helse Vest i høve til endeleg val av relevante måle-parametrar og korleis desse kan operasjonaliserast.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek førebels budsjett for 2015 for Sjukehusapoteka Vest til orientering, og ber om at moment som kom fram i møtet blir innarbeidd i forslag til endeleg budsjett.

Styret ber administrerande direktør leggje frem endeleg budsjett i neste styremøte.



## **Sak 61/14 Risikovurdering 2. tertial**

### **Oppsummering:**

Risiko for alle styringsmål er redusert gjennom systematisk arbeid i andre tertial. Alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast.

Styret ønskjer at alle risikoelement leggjas inn i matrisen og at denne blir løfta frem i sjølve saksunderlaget.

Styret framheva at det er positivt at SAV har gått igjennom konsekvensar.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek risikorapport med gjennomførte tiltak og risikovurdering per 2. tertial 2014 til etterretning.

## **Sak 62/14 Fullmaktsregime og fullmaktsgrenser for Sjukehusapoteka Vest**

### **Oppsummering:**

Fullmaktsregulering mellom styret og AD er prinsipielt regulert Styreinstruks, AD sin arbeidskontrakt, Instruks for administrerende direktør og fullmaktsmatrise nivå 1 i Sjukehusapoteka Vest.

Eksisterande fullmaktsmatrise i Sjukehusapoteka Vest (SAV) vart godkjent i 2011, og det er behov for oppdatering av denne. Regime for styring og delegering av fullmakt i SAV er ikkje definert i matrisa, og det er behov for presisering av signaturfullmakter og beløpsgrenser.

Forslag til nytt regime for styring og delegering av fullmakt bygger på tilsvarande struktur i Helse Bergen, kor Overordna prinsipp for fullmakter i SAV er omtalt i forslag til «Styrande dokument for fullmaktsmatrise i SAV». Strukturen i sjølve fullmaktsmatrisen er tilpassa SAV, og har fått følgjande hovudinndeling:

- 1.Overordna
- 2.Personal og lønn
- 3.Innkjøp av varer og tenester, samt investeringar
- 4.Leige/lån av lokale/utstyr/materiell
- 5.Sal av varer eller tenester
- 6.Ettergiving av tilgodehav
- 7.Budsjett

Oppgåver/ funksjonar innan dei sju fullmaktsområda er lagt inn i overordna fullmaktsmatrise som viser forslag til fullmakter på leiarnivå 1-3 for kvart område. Det er i tillegg utarbeidd mal som ein foreslær å legge ved jobbeskrivingar/ arbeidskontraktar for dei ulike leiarnivåa der fullmaktsinnhaldet kan utdjupast ved behov.

Saken blei i møtet gjort om til ein orienteringssak, da administrerende direktør har sine fullmakter frå «Instruks for administrerende direktør», og styre så ingen grunn til at det ut over denne skulle ligge beløpsgrenser for administrerende direktør. Korleis administrerende direktør delegerer fullmakt tok styret til orientering. Frå tidligare vedtak i styret er det fastlagt at det berre er administrerende direktør i SAV som kan be om påtale.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerende direktør sin informasjon om vidaredelegering til orientering.

Styret rosar administrasjonen for godt arbeide rundt struktur av fullmaktsregime i organisasjonen.



## **Sak 63/14 Status fokusområder for AD 2014**

### **Oppsummering:**

Sjukehusapoteka Vest har så langt i 2014 klart å arbeide målretta innan dei fokusområda som blei peika ut for året, og har langt på vei levert i høve til disse.

Tema innan dei ulike fokusområda ein ser at ein ikkje er heilt tilfreds med leveransen/ målinnfriing på er fult ut innfriing av resultatkrav og det å synleggjere SAV sin rettmessige plass i spesialisthelsetenesta gjennom generelt samarbeid med sjukehusføretaka (vi har ennå ikkje funnet de optimale samarbeidsarenaene) og konkret SAV sin plass i høve til Samhandlingsreforma. Vi har heller ikkje fått utarbeid sals-presentasjonar for alle SAV sine tenester, noko vi vil intensivere no når kommunikasjonsleier er på plass.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styre tek status fokusområder for AD 2014 til orientering, og ber administrasjonen fortsette å følge området tett opp i resten av planperioden.

## **Sak 64/14 Eventuelt**

Ingen saker meld.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

Ingen

### **Følgjande skriv og meldingar vart delt ut i møtet:**

Ingen



Ref. Ørjan Lundgren

06.11.2014

Maria Borch Helsengreen  
Styreleiar

Olav Godtfred Klausen  
Nestleiar

Jon Bolstad  
Styremedlem

Anne Sissel Faugstad  
Styremedlem

Per Karlsen  
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne (Sett)  
Styremedlem

Bente Mari Rolfsnes  
Styremedlem

Nina Carstens  
Styremedlem

Marianne Saugestad  
Styremedlem